



**SIGNERTE:** Frå kunnskapsministeren var me oppmoda om å omtala dei gode og viktigaste lokale tiltaka mot mobbing, som eit tillegg til manifestet, skriv ordførar Arne Sanden.

## Lærdal kommune og manifest mot mobbing

Innleingsvis beklagar eg sterkt at statsminister Jens Stoltenberg og kunnskapsminister Kristin Halvorsen ikkje har teke leiaren i FAU ved Lærdalsøyri Skule, Hadla Blikra, med på utforminga av det nye manifestet mot mobbing. Dei burde skamme seg! Demokratiet fungerer dårleg, skal vita, om ikkje Blikra får sagt si meining og får høve til å markere seg.

Så til alvoret i saka. «Festskriftet» eller «diktatet», som vart underskrive og me gav vår tilslutnad til under ei markering i kommunestyret i Lærdal sist torsdag, var eit sentralt utforma manifest mot mobbing. Manifestet er utforma, framforhandla og underskrive av regjeringa, FAU for grunnopplæringa, FAU for barnehagar og alle sentrale fagforeningar innan

grunnopplæringa. Av brevet, som vart sendt frå kommunen til partane lokalt i Lærdal, går det og klart fram at det er dette manifestet me ønskjer å gje vår tilslutnad til. Manifestet er å finna på nettsida til Kunnskapsdepartementet!

I februar sendte kunnskapsministeren brev til alle landet sine ordførarar og oppmoda oss om å markere arbeidet mot mobbing lokalt, bl.a. ved å underskrive manifestet mot mobbing. Denne oppmodinga ønskte eg å følgje opp. Underskrivinga av manifestet i kommunestyremøte sist torsdag, der alle partane lokalt i Lærdal var invitert til å ta del, var den markeringa eg valde for oppfølging. Då kunne eg og varaordføraren skrive under manifestet på

vegner av skuleeigaren og alle fekk god innsikt i saka.

Frå kunnskapsministeren var me oppmoda om å omtala dei gode og viktigaste lokale tiltaka mot mobbing, som eit tillegg til manifestet. Våre tiltak vart sett opp i eit møte mellom skule og barnehageleiarane og pedagogisk konsulent i framkant av markeringa. Eg var ikkje involvert i dette arbeidet. Punkta med dei lokale tiltaka byggjer på innsatsen som alle skular og barnehagar i Lærdal skal ha mot mobbing. Og det er lokalt ved alle skulane og i barnehagane at arbeidet mot mobbing i hovudsak må først. Eg har vidare tillit til at rådmannen følgjer opp det viktige arbeidet mot mobbing ved våre skular og barnehagar. Den felles

markeringa sist torsdag vart gjort for å vise at skuleeigar og alle partar i skular og barnehagar har fokus på arbeidet mot mobbing og at det er nulltoleranse for mobbing i Lærdal kommune.

Alle andre involverte partar forsto dette, men ikkje leiaren i FAU ved Lærdalsøyri Skule, Hadle Blikra. For han var det viktigare å markere eigen person og få bilete av seg sjølv i avisa.

Eg undrar meg på korleis dei andre foreldra ved Lærdalsøyri Skule ser på å verte representert med denne mannen si framferd og sterke markeringsbehov!

Arne Sanden,  
Ordførar Lærdal